



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 23.02.2023
Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 16:30

Frå klokka 0900 - 1200 vert det temamøte om barnevern ved KS:

09:00 Velkomen v/ ordførar

09:05 Kven har ansvar for barnevernet – roller og ansvar?

v/KS

09:45 Djupdykk i barneverntjenesten/ oppvekst i kommunen

v/ Barnevernleiar + evt kommunalsjefar for oppvekst og helse

10:45 Pause

11:00 Kva er handlingsrommet og korleis veit eg som folkevald

at vi har eit godt barnevern?

v/KS

11.15 Gruppediskusjonar

Oppgåve: Kva er våre ambisjonar og ønske for barnevernet og oppvekstfeltet?

11.45 Deling og oppsummering i plenum

v/KS

11.55 Avsluttande ord v/ ordførar

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordførar	
Ove Eidsnes	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	Ugild i sak 008/23 - vara Ingeborg Børve
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordførar	

Robert Helland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	Ugild i sak 008/23 - vara Karianne Neset Nygard
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	Meldt forfall
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	Meldt forfall
Linda Neset	SO	Medlem	Meldt forfall
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Siren Bruvik Øvre Helland	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal
Jannike Surland Våge	SA	Varamedlem	Vara for Roger Fure
Ingeborg Børve	SA	Varamedlem	Vara for Anne Britt Almelid i sak 008/23
Knut Farestveit	SO	Varamedlem	Vara for Linda Neset
Karianne Neset Nygard	SO	Varamedlem	Vara for Håvard Engeseth i sak 008/23

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2023	Godkjenning av møteprotokoll
003/2023	Referatsaker
004/2023	Orienteringssaker
005/2023	Høyring - forslag til endringer i energilova og plan- og bygningslova (pbl.)
006/2023	Busetting av flyktingar i Modalen kommune 2023
007/2023	Strøyming av politiske møte i Modalen kommune
008/2023	Søknad om støtte frå Næringsfondet - Modalen Næringsbygg AS
009/2023	Høyringsuttale Modalen kommune - Regional plan for fornybar energi 2023 – 2035
010/2023	Kyrkjelydstomta på Mo gnr. 76 bnr. 99.
011/2023	Val av ny vigslar i Modalen kommune
012/2023	Medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd - BOF

Notat frå møtet:

Møtet var planlagd gjennomført 09.02.23. Med bakgrunn i drukkingsulukka i Bryggjeslottet 06.02.23 beslutta ordførar å flytte møtet til 23.02.2, same tidspunkt.

001/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Rådmann orienterte om prosess for revidering av lønnspolitisk retningslinje; denne er i drøftingsfase med hovudtillitsvalde no, og er planlagt handsama i førstkomande møte i administrasjonstvalet og i kommunestyremøtet i mars.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

003/2023: Referatsaker

Behandling:

Medlem i kontrollutvalet, Sigrunn Almelid Birkeland, orienterte kort om spørjeundersøking til kommunestyremedlem knytt til pågåande forvaltningrevisjon.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

004/2023: Orienteringssaker

Behandling:

Ordførar orienterte om:

- Status i sak om nærskuleprinsipp
Vestland fylkeskommune har vedteke forslag til fylkestinget om dispensasjon for inneverande skuleår om nærskulepoeng for elevar i Modalen kommune, samt til fast endring om inntaksordning/nærskulepoeng for elevar frå Modalen kommune.
- Status for fylkesvegar i Modalen kommune
Flaumsikring; sikringstiltak ved Hugnadstad vil starte opp i løpet av 2023. Sikringstiltak ved Neset er meir omfattande og det er planlagt å starte opp i 2024.
Fylkesveg 569; Trafikkteljning vert sett opp i løpet av våren på fylkesvegen for å gje eit godt vurderingsgrunnlag for behov for tiltak.

Rådmann orienterte kort om oppfølging i etterkant av ulukka i Bryggjeslottet.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

005/2023: Høyring - forslag til endringar i energilova og plan- og bygningslova (pbl.)

Behandling:

Ordførar orienterte om bakgrunn for høyringsnotatet og forslaget til endringar i energilova og plan- og bygningslova.

Det ble stilt spørsmål til korleis endringa vil kunne få konsekvens for kommunen. Ordførar og rådmann orienterte om at endringa som er foreslått vil gje kommunane ei større grad av mynde til å handsame denne type saker; kommunane går frå å vere ei høyringspart til ein rolle der kommunestyret kan sakshandsame dette.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret i Modalen kommune støttar at regjeringa gjer endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land.

I høyringsnotatet vert det føreslått at NVE skal få ein utvida mynde i planhandsaminga, til å leggja planforslag ut på høyring og offentleg ettersyn etter pbl sin § 3-7. Planprosessen og konsesjonsprosessen vil dermed kunna gå parallelt fram til vedtak i regi av NVE, men det vert ikkje foreslått andre formelle krav til samordning, enn at planvedtaket må treffast før det kan gjevast konsesjon.

Modalen kommune meiner at det å leggja planframlegg ut på høyring er eit viktig institutt som bør vera underlagt lokaldemokratisk mynde (av lokale folkevalde), og ikkje eit embetsverk langt unna kommunane. Av den grunn rår ein frå at denne mynden knytt til plan- og bygningslova vert gjeve til NVE.

006/2023: Busetting av flyktningar i Modalen kommune 2023

Behandling:

Rådmann orienterte om bakgrunn for forslag til vedtak.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret i Modalen vedtek å busette inntil 20 flyktningar i 2023.

007/2023: Strøyming av politiske møte i Modalen kommune

Behandling:

Rådmann orienterte nærare om løysinga og rammer for strøyming av politiske møter.
Kommunestyret kan sjølv vurdere retningslinjer som t.d. legg føringar for kor lenge opptaka skal ligge tilgjengeleg på nett.

Kommunestyret drøfta ulike innspel;

- forslag til at ein tek i bruk grunnmodulen, og ikkje den utvida tekniske løysinga som også ligg som moglegheit

- forslag til at ein utsetter handsaming av saka til neste valperiode, grunna kort tid igjen av noverande kommunestyreperiode.

Kommunestyret voterte over nytt forslag til vedtak frå Ann Jorunn Farestveit om utsetting av saka til etter kommunevalet 2023.

Forslag til vedtak fall med 5 stemmer for; Ann-Jorunn Farestveit, Sigrunn Almelid Birkeland, Håvard Engeseth, Robert Helland og Knut Farestveit.

Kommunestyret vorterte over nytt forslag til vedtak frå Kjetil Eikefet om strøyming av politiske møter.

Forslaget vann med 7 stemmer for; Kjetil Eikefet, Ove Eidsnes, Marit Kristin Nygard Nese, Anne Britt Almelid, Jannike Surland Våge, Liv Anne Aanensen og Siren Bruvik Øvre Helland.

Vedtak:

Kommunestyret i Modalen vedtek å ta i bruk kommune-TV løysing for direktesending av kommunestyremøte og publisering av sendingane i etterkant av møta.

Opptak av møta skal arkiverast i 6 månader etter møtedato.

Løysinga skal takast i bruk frå og med mai 2023.

008/2023: Søknad om støtte frå Næringsfondet - Modalen Næringsbygg AS

Behandling:

Ordførar orienterte innleiingsvis om ugildskap knytt til handsaming av saka.

Kommunestyremedlem Anne Britt Almelid og Håvard Engeseth er ugild og trådte ut av saka.

Varamedlemer Ingeborg Børve og Karianne Neset Nygard deltok i handsaming av denne saka.

Ordførar orienterte om bakgrunn for saka og søknaden. Rådmann orienterte kort om status for tilgjengelege midlar i næringsfondet og bakgrunn for tilrådinga om å vurdere budsjettjustering for næringsfondet i 2023.

Kommunestyret drøfta saka, og det kom mellom anna innspel om:

- eit eigarskap av næringsbygg gjennom Modalen Næringsbygg AS (MNB) vil vere positivt for Modalen kommune

- vedtak om budsjettjustering bør vurderast som eiga sak

- kommunestyret er i prosess for å revidere strategisk næringsplan

- det er ikkje synleggjort forventa inntekter til MNB i søknaden.

Styreleiar Harald Kjensli i MNB blei invitert opp på talarstolen for å orientere kort om planane for bygget ved eit eventuelt kjøp.

Listene hadde gruppemøte frå 13.10 - 13.30.

Listene oppsummerte kort om innspela dei drøfta; i hovudsak om kommunestyret skal innvilge søknadssummen i tilskot, lån eller ei deling.

Kommunestyrt voterte om kommunestyret skal drøfte fram eit felles forslag eller om ein skal legge inn to forslag slik ein drøfta i gruppemøta. Fleirtalet stemte for at det vert utforma to forslag til vedtak som går til votering.

Representantar frå listene utforma forslag til vedtak frå listene.

Det vart lagt inn 2 forslag til vedtak frå Ann Jorunn Farestveit og Liv Anne Aanensen.

Kommunestyret vorterte om forslag frå Ann Jorunn Farestveit om innvilging av tilskot og lån.

Forslaget vann med 10 stemmer for. Ove Eidsnes og Marit Kristin Nygars Nese røysta mot.

Framlegget til Liv Anne Aanensen fall med to stemmer for: Ove Eidsnes og Marit Kristin Nygard Nese

Vedtak:

Modalen kommune vedtek å gje tilskot og lån til kjøp av bygningsmassen "uni-bygget" på Øvre - Helland. Det vert gjeve 600 000 kr i tilskot og 250 000 kr i lån.

Det vert i tillegg gjort følgjande budsjettjustering: -auka tilskot frå næringsfondet kr 1,5 millionar finansiert ved bruk av disp.fond/næringsfond

009/2023: Høyringsuttale Modalen kommune - Regional plan for fornybar energi 2023 – 2035

Behandling:

Vedteke med 11 røyster. Sigrunn Almelid Birkeland røysta mot.

Vedtak:

Kommunestyret i Modalen vedtek høyringsuttale for Regional plan for fornybar energi 2023-2035 slik den ligg føre

010/2023: Kyrkjelydstomta på Mo gnr. 76 bnr. 99.

Behandling:

Rådmann orienterte nærare om saka og bakgrunn for forslag til vedtak om omdipondering av løyvde midlar til prosess om reguleringsendring på kyrkjelydstomta på Mo.

Det er avklart at det ikkje er naudsynt med ein omregulering av tomta då dette er eit mindre tiltak, og at denne kan handsamast som ein disposisjonssak. Det er derfor forslag til at ein nyttar løyvde midlar til "minikonkurransse" for å møte behova og ynskje for nye bueiningar på Kyrkjelydstomta.

Det kom innspel i kommunestyret om at kommunestyret bør involverast i vurderinga av målgruppa for bueiningar på Kyrkjelydstomta. Det vart påpeika at det var feil sum i framlegg til vedtak, med ein 0 for mykje. Dette vart retta opp i vedtaket.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Rådmannen tilrår at dei 250 000 som vart løyvde (Ks. sak 027/22 - 16.06.22.) til å engasjera konsulent for å hjelpa Modalen kommune i arbeidet med å gjennomføra reguleringsendring på gnr. 76 bnr. 99, vert omdisponert til å etablera ei «minikonkurransse» som kan kome kommunen i møte på behov og ynskje for nye bueiningar på Kyrkjelydstomta.

011/2023: Val av ny vigslar i Modalen kommune

Behandling:

Ordførar orienterte om kven som er vigslarar i Modalen kommun og tidlegare vedtak kring dette.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret i Modalen gjer med dette vedtak om at assisterande rådmann Tonje Husum Aarland vert tildelt mynde til å gjennomføre borgarlege vigslar i Modalen kommune.

012/2023: Medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd - BOF

Behandling:

Ordfører orienterte om Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) og bakgrunn for forslag til vedtak om medlemskap.

Medlemskap i BOF vil kunne gje mange moglegheiter for samarbeid både kommunen og frivillig lag- og organisasjonar. Medlemskommune betalar ein årleg fast sum per innbyggjar i kontigent, og prognosen for 2023 er kr 24 per innbyggjar. Medlemskommunar har ein kontaktperson opp mot BOF og koordinering av eventuelle tiltak vil skje i koordinering med kommunen. Medlemskontigentet dekker noko basistjenester, t.d. henting av buss ved strandrydding. Ved større tiltak må ein rekne kostnader utover medlemskontigent.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret vedtek at Modalen kommune søker medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd - BOF
